



Til beitenæringen i Nordfjella-sonene og Hardangervidda-sonen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Surlien Hoen, 32 26 67 16

Utlysning av tilskot til CWD-tiltak i Nordfjella-sona og Hardangervidda-sona i 2024

Beitenæringa som driver næringsmessig beitedrift innanfor Nordfjella- eller Hardangervidda-sona i tråd med CWD-soneforskrifta og som i inneverande beitesesong har hatt kostnader som følgje av tiltaka knytt til bruk av salt, kan no søkje om tilskot til å dekkje desse ekstraordinære utgiftene. Søknadsfristen er 1. november, og du må søkje via Altinn.

Også i år er 6,5 millionar kroner øyremerka tiltak knytt til kostnader for beitenæringa som følgje av tiltak mot skrantesjuka i Nordfjella-sona og Hardangervidda-sona i tråd med [CWD-soneforskrifta](#). Midlane vert forvalta av Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus i samarbeid med statsforvaltarane i Vestfold og Telemark og i Vestland.

- Nordfjella-sona gjeld for kommunane Lærdal, Aurland og Hemsedal, kommunane Eidfjord, Hol og Ål nord for riksveg 7 og Ulvik nordaust for elva Tysso, til Stokkvatnet og til Espelandsvatnet, jf. § 4.
- Hardangervidda-sona er geografisk avgrensa tilsvarande Hardangervidda villreinområde sør for riksveg 7, sjå vedlegg i soneforskrifta, jf. § 4.

I sonene er det forbod mot å setje ut eller nytte salt til beitedyr utandørs. Salt omfatta salt og mineral, t.d. laussalt og slikjestein.

Det er likevel tillate å gje beitedyr salt frå salteinnetning i normal beiteperiode, om ein følgjer forutsetningane i forskrifta § 6. **Bruk av salt.** Det er kostnader knytt til meirutgifter og meirarbeid beitenæringa har hatt som følgje av å ha gjennomført tiltaka omtalt i CWD-soneforskrifta og i e-post frå Mattilsynet dagsett 7. juni i år med «Informasjon til beitebrukerne om bruk av salt til beitedyr i CWD-sonen på Hardangervidda i 2024» og «Informasjon til beitebrukerne om bruk av salt til beitedyr i CWD-sonen i Nordfjella 2024», det no kan søkjast tilskot for.



Kven kan søkje desse midlane?

Beite- og sankelag som er registrert i einingsregisteret, som driv næringsmessig beitedrift i Nordfjella-sona eller Hardangervidda-sona (jf. § 4. Soner i CWD-soneforskrifta) og som inneverande beitesesong har hatt kostnader som følgje av tiltak mot skrantesjuka (CWD) hjå hjortedyr i og frå sonene i år, kan søkje om tilskot til å dekkje desse ekstraordinære utgiftene. Tilsvarande gjeld for beitebrukarar/enkeltforetak som har rett til produksjons- og avløysartilskot i jordbruket der det grunna naturgitte eller driftsmessige høve ikkje ligg til rette for samarbeid (jf. § 2. **Vilkår** i forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder).

Næringsmessig beitedrift er at dyra går minst fem veker på utmarksbeite og at meir enn halvparten av medlemmane i laget eller foreininga har rett til produksjonstilskot.

Korleis søkje?

Send inn søknaden elektronisk via [Altinn](#) innan onsdag 1. november. Du kan søkje frå 1. september. Her vel du ordninga «**Tilskudd til CWD-tiltak**» under Skjemaoversikt og trykker på «Start teneste» for å logg inn. Det er viktig at du leser hjelpeteksten med forklaring og informasjon undervegs når du fyller ut søknaden.

- ✓ Under «Grunnopplysninger» fyller du inn kontaktinformasjon og vel målforma du ynskjer. Det er viktig at du kontrollerer at *Opplysninger om foretaket* og *Kontonummer* er rett. Viss kontonummeret manglar eller er feil, må du sjølv endre det. Det er i utgangspunktet valfritt å skrive inn anten e-post eller mobilnummer, men me ynskjer at du skriv inn begge deler.
- ✓ Under «Søknadsopplysninger» vel du CWD-sone og om du søkjer som beite- eller sankelag eller enkeltpersonforetak. Om du er i eit beite- eller sankelag, søkjer laget samla. Om du ikkje er medlem i eit organisert lag, må du laste opp kart over beiteområdet du nyttar. Du skal blant anna bekrefte opplysningar om tiltaket og gje overslag over utgiftene du har hatt i forbindelse med tiltaka du har skrive inn. Pris skal vere ekskl. mva. Vidare skriv du tal timer du/de har brukt på å gjennomføra CWD-tiltaka, for eksempel ekstraordinært tilsyn/gjeting, bruk av salteinnetningar og tal kilometer køyrt knytt til desse tiltaka. Timar til administrasjon o.l. skal ikkje førast her.
- ✓ Under «Vedlegg» kan du laste opp andre vedlegg om du har behov for det. Om du/de for eksempel har fått varsel eller vedtak frå Mattilsynet om utbetring av salteinnetningar eller liknande, skal det og lastas opp her.
- ✓ Under «Oppsummering» kan du skrive inn kommentar om det er noko du ynskjer å føye til.
- ✓ Sjekk at opplysningane stemmer under «Oppsummering av søknad» før du bekreftar og sender inn. Søknaden vert sendt til Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Dette gjelder òg beite- eller sankelag og føretak frå Vestland og Vestfold og Telemark. Det er Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus som behandlar og avgjer alle søknadane.

Du vil få ei stadfesting i Altinn om at søknaden er mottatt.

Utbetaling og foreløpige satsar

Du får vedtaksbrev frå Statsforvaltaren via Altinn så snart søknaden er ferdig behandla. Det vert sendt varsel til kontaktinformasjonen du har gitt i søknaden. Om du får innvilga tilskot, vil det verte utbetalt til kontonummeret du gav i søknaden, normalt innan ei veke.

Den foreløpige satsen for ordninga er 75 kr/beitedyr. Den er basert på tal dyr sloppe i 2023 og midlane ordninga har fått tildelt i år. Satsen kan difor verte justert etter at me har mottatt samla oversikt over tal dyr som har beita i sonene i år og som det er søkt tilskot for.



Opplysningsplikt og kontroll

Søkarar av tilskot pliktar å gje alle opplysningar som Statsforvaltaren finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga og godta ev. kontrolltiltak som vert iverksett. Statsforvaltaren har tilgang til all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet. Det kan verte sett krav til at opplysningane skal bekreftast av revisor. Opplysningane i søknaden vil verte kontrollert mot ulike kjelder, som blant annet søknad om produksjons- og avløysartilskot og tilskot til drift av beitelag gjennom ordninga med regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP).

Brot på soneforskrifta vil kunne påverke den enkelte beitebrukar sitt krav på tilskot

Mattilsynet fører tilsyn og kan fatte nødvendige enkeltvedtak, jf. [matloven § 23](#), for å oppnå etterleving av føresegnene gitt i, eller i samsvar med, denne lova. CWD-soneforskrifta er heimla i Matlova. Statsforvaltaren vil ved vurdering av søknaden legge til grunn ev. vedtak fatta av Mattilsynet om brot på soneforskrifta. Ved gjentatte brot på regelverket, kan du forvente ei større avkorting.

Me gjer deg merksam på at kvar enkelt beitebrukar sjølv er ansvarleg for å fylgje regelverket. Beitebrukar(ar) som ikkje følj føresegnene som gjeld, har ikkje krav på tilskot gjennom denne ordninga. Det samla tilskotet som vert betalt til beitelaget, vil då verte redusert tilsvarande tal dyr den/dei har hatt i det aktuelle beiteområdet denne beitesesongen.

Ta kontakt med Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershu, sfovpst@statsforvalteren.no ved spørsmål om denne ordninga.

Med helsing

Otto Galleberg
seksjonssjef
Landbruksavdelingen

Marit Surlien Hoen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Mattilsynet	Felles postmottak, Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Hol kommune	Ålmannvegen 8	3576	HOL
Ål kommune	Tingstugu, Torget	3570	ÅL
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	HEMSEDAL
Rollag kommune	Vrågåvegen 10	3626	ROLLAG
Nore og Uvdal kommune	Sentrum 16	3630	RØDBERG
LÆRDAL KOMMUNE LANDBRUKSKONTORET	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
AURLAND KOMMUNE LANDBRUK OG NÆRING	Vangen 1	5745	AURLAND
TINN KOMMUNE LANDBRUKSKONTORET	Postboks 14	3661	RJUKAN
SVEIO KOMMUNE LANDBRUKSKONTORET	Postboks 40	5559	SVEIO
EIDFJORD KOMMUNE	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
VINJE KOMMUNE	Vinjevegen 192	3890	VINJE



TYSVÆR KOMMUNE	Postboks 94	5575	AKSDAL
KVITSEID KOMMUNE	Kviteseidgata 13	3850	KVITSEID
LANDBRUKSKONTORET			
MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
VINDAFJORD KOMMUNE	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
ULVIK HERAD NÆRING OG LANDBRUK	Skeiesvegen 7	5730	ULVIK
ALVER KOMMUNE NÆRING OG UTVIKLING	Postboks 79	5906	FREKHAUG
KVINNHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
ETNE KOMMUNE LANDBRUKSKONTORET	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
KVAM HERAD LANDBRUKSKONTORET	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG
HAUGESUND KOMMUNE	Postboks 2160 Raglamyr	5504	HAUGESUND
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
BOKN KOMMUNE	Boknatunvegen 37	5561	BOKN
STAVANGER KOMMUNE	Postboks 8001	4068	STAVANGER
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus, Njøsvegen 2	6863	LEIKANGER
Grethe Ringdal			
Viken tilsynsutvalg for Hardangervidda nasjonalpark			
Tilsynsutvalget i Telemark for Hardangervidda nasjonalpark			
Tilsynsutvalget i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark			
Norsk Bonde- og Småbrukarlag			